



KYRKJEBLADE

FØR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5

Juni 1978

32. årg.

Lært av Gud

I teksten for 2. pinsedag (Joh. 6,44-47) seier Jesus: «De skal alle være lært av Gud. Hver den som hører av Faderen og lærer, han kommer til meg.»

Det er en pinsetekst som sier mye om hvorfor Jesus sendte den Hellige And til verden. Når det gjelder evangeliet kan vi hverken høre eller lære eller tro uten den Hellige And. Her er det noe som er skjult for mennesket og som må opplates og åpenbares av den Hellige And. Luther sier derfor: «Jeg tror at jeg ikke av egen fornuft eller kraft kan tro på Jesus Kristus, min Herre, eller komme til ham. Men den Hellige And har kalt meg ved evangeliet.»

Vi kan ikke komme til Gud uten at Gud drar oss til seg. Det står rett nok på vårt valg, men det står ikke på vår egen evne og vår makt. «Ingen kan komme til meg uten at Faderen som har sendt meg, drager ham.»

Derfor heter det også at «de er alle lært av Gud.» Dette betyr noe mer enn å lære en lekse. Det betyr at Gud har åpenbart noe for dem ved sin And.

Vi kan tildegne oss en masse kunnskap om kristendommen uten at Guds And har åpenbart noe av dette for vårt hjerte.

Men dette gir oss ingen grunn til å forsvile. Rett nok blir vi avslørt som hjelpelöse i alt som har med frelsen å gjøre. Men den Hellige And er virksom mellom oss, og Andens viktigste gjerning er nettopp det som Luther taler om i forklaringen: å føre mennesker til tro på Kristus. Det jeg ikke makter, det makter Gud. Og Gud makter også å holde oss fast i den tro han har gitt oss.

I vår tid tales det meget om den Hellige Ands gjerning, men en glemmer ofte at Andens viktigste gjerning er å skapa troen i våre hjerter. I steinet taler en som om troen er en lett-

vint sak, noe som vi kan klare ved vår egen fornuft.

Hvis vi nå gir akt på dette at vi er hjelpeøse uten Guds Ånd, så burde vi også komme sammen der hvor Guds ord blir forkynt, for der møter Gud oss på en særlig måte. For det er ordet, evangeliet, som skaper troen. Ordet og Ånden virker sammen.

Forsamlingen er vårt andre hjem. Der møter Gud oss som vår gode Far,
Dagfinn Lofthus.

Bergsdalsstemne

Det var for 105 år siden ein var samla til det fyrste Bergsdalsstemne eller Rødlandsstemne som det tidlegare vart kalla, så tradisjonene går langt attende når ein den 13. august byr inn til ny stemnedag. Anders Eide fra Tørvikbygd vert med som talar, og elles vert det song, frie vitnemål og ei god kaffipøft. Ta med mat. Dravle og kaffi kan ein få kjøpa. Det byrjar med gudsteneste kl. 11.00 ved sokneprest Steinnes og Anders Eide.

Nordhordland Indremisjon

100 år

Frå ei enkel skiping i ei løe på Frekkhaug den 7. og 8. juli 1978, har Nordhordland Indremisjon på 100 års dagen 70 bedehus, 13 arbeidarar på heiltid, folkehøgskule på Frekkhaug, og leirstaden Raknestunet. Jubileet vart høgtida på Frekkhaug den 10. og 11. juni med biskop Thor With og gen.sekr. Rolf Onarheim.

Innsetjing 1. oktober

Den nye res.kap. i Vaksdal Lars Dagfinn Lofthus vert den 1. oktober sett inn i den nye tenesta av prost Østtvit. Loithus er ca. 40 år og kjem frå Gauldalen der han no har vore sokneprest. Tidlegare har han vore stiftskapellan i Nidaros og gjort teneste i fleire prestegjeld her. Han har også undervist ved lærarskulen i Bodø og ved Bibelskulen i Bergen.

Me ynskjer Lofthus hjartelig velkommen til Vaksdal. Han kjem i dag med ei helsing til kyrkjelyden ein annan stad i bladet.

Lasse Vassenden

Lasse Vassenden vart ved prostimøte den 27.-28. mai vald inn i prostirådet. Mons Myren var tidlegare med.

Hyrdebrev

Kyrkje ser så alvorleg på den nye lova om sjølvbestemt abort, at det er sendt ut eit hyrdebrev frå biskopane til alle kyrkjelydane. Dette skal lesast opp i kyrkjene. Alle dei 6 sokneråda i Vaksdal har tidlegare gitt sin samstundtale der ein går imot lova og står arbeidet som Folkeaksjonen mot selvbestemt abort har lagt opp til.

Ferie

Sokneprest Steinnes har ferie frå 20. juni — 17. juli.

Sokneprest Bjørsvik har ferie frå 19. juli — 15. august.

Prestane vikarierar for kvarandre.

KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.
Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.
Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.13117.
Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

God ferie

Me vil ynskja alle våre leserar av kyrkjebladet ein god ferietid med kvile og avkopling. Ein god ferie kan gje nye krefter og nytt mot. Men ferie frå kyrkje og kristenliv er ingen rett og god anvending av denne ferletida. Difor vil me minna om gudstenestene både i kyrkjene her hos oss og rundt i landet der ein ferdast. Det kan i ferietida ikkje verta gudstenester så ofte som ein ynskjer, i alle kyrkjene, men kvifor ikkje leggja turen til den kyrkja som har preik? Det kan då verta både ein fin tur og så kan ein verta kjend med andre kyrkjer og kyrkjelydar. Eg trur det kunne ha vore mykje meir av dette i Vaksdal. Kvifor ikkje leggja vegen til den vakre Bergsdalskyrkja eller til ein av kyrkjene i Eksingedalen? Me vil på ein særlig måte streka under dette når det gjeld to stemnedagar no i sumar. Den 23. juli kjem biskop Hagesæther og vil vera med på eit stemne på Nesheim i Eksingedalen. Det vert gudsteneste og samling på skulen. Sundag den 13. august vert det tradisjonsrike Bergsdalsstemne.

Eit barneminne

«— Eg hugsa det so godt. Eg var berre småguten, far døyde tidleg. Men eg hugsa det so godt at eg var med far i kyrkja. Det er 70 år sia.» —

‘Slik om lag fall orda frå ein gammal trufast kyrkjegjengar nyleg. Eg måtte tenkja på dette. 70 år er ei lang tid i eit menneske sitt liv. Det ligg eit langt og slitsamt liv, mellom småguten som var med far sin i kyrkja, og den aldrande mannen som endå, med stav i hand finn vegen til kyrkja. Kan henda har dette ljose barneminne vore med og gjort han glad i kyrkja si.

Ljose barneminner kan vera som små løkter langs vegen me skal vandra gjennom ei mørk verd. Kjære forldre, — det er no medan barna er små de kan gi dei slike barneminner som blinkar og lyser på vegen deira — gjerne 70 år etter at de sjølve er borte. Velkommen til kyrkja, og ta barna med.

Lars Bjørsvik.

Voss Samvirkeleg

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDELEN

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke-jakker og gensere

«Bispevitjing» i Eksingedalen

I samband med Gudstenesta på Mø sommaren 77. ved biskop Hagesæther uttala biskopen ynskje om at han sommaren 78 ville koma til ei stemna i Nesheim kyrkja i Eksingedalen. Dagen for denne stemna er no fastsett til 23. juli. Mange vil minnast Hagesæther som talar på stemner i Nesheim kyrkja i tidlegare år. Når Hagesæther etter å ha avslutta si teneste som biskop i Stavanger ynskjer å nya oppatt minnene om desse stemnene er det å ynskja at mange også frå nabosoknene vil nyta høve til å høyra bodskapen han har å bera fram.

Etter Gudstenesta vert det høve å samlast på Eksingedalen skule, der det vert servert kaffi til maten stemnelyden har med heimanfrå. Alle er velkomne og kvar einskild kan gjera sitt til at stemna vert vellukka.

Kristian Brakestad.

Guds ark i «Dagon»'s hus

1. Sam. 5.

Israel tapte stort i krigen mot filisterne. Størst var tapet av «Herrens ark», deres samlingsmerke, og dyreste eie, identisk med Jesus Kristus i den nye pakt. Det var som alt ramlet i grus.

Filisterne tok Guds ark, førte den fra Eben-Eser til Asdod, satte den inn i Dagons hus, og stilte den opp ved siden av «Dagon». Neste dag fant de til sin forferdelse «Dagon» ligge nese-

grus foran Guds ark, Fil. 2,9-11. symbolsk.

Så satte filisterne Dagon på plass igjen, Jesus Kristus stod opp fra død og grav i kraft av sin Guddoms veldje. Men Dagori var ingen levende Gud, han verken så eller hørte, han var bare et verk av menneskehender.

Neste dag gjentok historien seg, bare enda mer markert, han hadde mistet både hode og armer. Bare kroppen lå over dørstokken, også denne gang foran Guds ark. Nu ble det for alvor uro i leiren. Guds ark ble flyttet fra sted til sted, over alt hvor den kom ble det uro og angst.

Hva skal vi gjøre med Israels Guds ark?

Som en profeti til Pilatus sine ord langfredagsnatt, og til hans hustrus bud. Ha ingenting med denne rettferdige å gjøre, jeg har lidt meget i drømme for hans skyld. Tilslutt fant filisterne ut det var best å få arken tilbake der den hørte hjemme, og slik gjekk det.

En selersfanfare tonte gjennem himlene når Jesus ropte sitt mektige: «Det er fullgragt. Far, i dine hender overgir jeg min ånd». Så gikk han til sin far, der han hørte hjemme. Samtidig lever han i sine lemmer på jord.

Johanne B. Helle.

Hausvik og Faugstad %
Vaksdal
Telefon 3603.

Sokneråda i Vaksdal står Folkeaksjonen mot sjølv-bestemt abort

Abortspørsmålet har i ei årrekke stått sentralt i samfunnsdebatten i landet vårt. Utviklinga har ført mot stadig meir liberal praksis. Forslaget til lov om sjølvbestemt abort er alt lagt fram for Stortinget. I samband med dette har Folkeaksjonen mot sjølvbestemt abort vendt seg til alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja, alle organisasjonar og alle frie kyrkjelydar med søknad om praktisk, moralsk og økonomisk stønad til å føra kampen vidare for vern av ufødt menneskeliv.

Heilt sidan dette lovframleggget vart fremja har kyrkja ført ein kompromisslaus kamp for å verja det mest verjelause av alt, det ufødde barnet. Biskopane har fleire gonger vendt seg til dei sentrale styresmaktene med åtvarande fråsegner. Generalforsamlinga for Frikyrkjerådet har samråystes sluttat seg til desse fråsegnene. Arsaka til at eit samla kristenfolk tek del i denne kampen, er at abortutglidninga i folket vårt klart stirr mot Guds ord og lov. Til denne tid har styresmaktene ikkje teke omsyn til kyrkja sine åtvaringar i denne saka.

I alle 6 sokneråda i prestegjeldet vårt har ein samråystes vedtatt å stø arbeidet som Folkeaksjonen driv. Kvart av sokneråda har gjort vedtak om å løyva midlar til Folkeaksjonen.

Sokneråda i Vaksdal prestegjeld.

Ein «murstein»

Det ringjer på dørklokka til prestebustaden på Dale. Eit brev blir levert inn. — «Skal det vera noko svar? Nei»

Eg går inn på kontoret, opnar brevet og les: — «Sender en liten murstein til kirkesalen. Til lykke med arbeidet». Og i brevet låg det kr. 100,-.

Dette vart alt som stod i brevet. Eg vart sitjande med brevet i handa, det varma mitt hjarta, og sette tankar i sving. «— Ein murstein til kyrkjessalen». Det var fint. Kunne det kema mange slike «steinar» so skulle ikkje kyrkjessalen måtta venta so mykje lengre. Mange har alt gitt ein eller fleire slike «mursteinar» til kyrkjessalen.

Folket på Dale treng dette tilbygget til kyrkja. Mykje er gått tapt for folket på Dale ved at denne salen ikkje blei bygd saman med kyrkja, men endå no, meir enn tjue år etter, let venta på seg.

Ein plass å samla born, unge og eldre til gode byggjande samver, er røko som høyrer med til alle kyrkjebygg.

La denne mursteinen som kom, bli optakten til at mange, både folk frå Dale og andre stader, kjem med sin «murstein» til kyrkjessalen ved Dale Kyrkje. Mange har alt gitt ein eller fleire slike steinar til kyrkjessalen. Pengar du vil gi til dette, kan du gi til presten, eller setje del inn direkte på bankboka som ligg i Bruvik Sparebank til dette formålet.

Ver med og gi din stein til kyrkjessalen ved Dale kyrkje.

Lars Bjørsvik.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, telefon 2421	Fra	Til
Måndag, tysdag,		
onsdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.30
VAKSDAL, telefon 3605		
Tysdag og fredag	8.30	15.00
Torsdag	10.00	17.00
STAMNES, telefon 8015		
Måndag	9.30	14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTIS
SKOFORRETNING**

Dalekvam

**Vaksdal koop. Handelslag
V A K S D A L**

Telefon; Kontor 3712. Snarkjøp 3710.

Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN %

Tlf. 2240 DALKEVAM

R A D I O — T V

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN %

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arth. og Arne Vaksdal

HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Den nye liturgien

Eg hadde hørt om den. Ne hadde eg fått heftet i handa. «Ordning for Høgmessa», stod det utanpå. Eg sette meg der eg var vand å sitja i kyrkja, men dei som eg var vand å sitja ilag med, var ikkje komne. Og eg tenkte med meg: «Idag må eg berre teie still», for eg har ofte songe feil når det var skifta salmebøker, og salmar var forandra litt. Og dei som sat attmed meg puffar meg gjerne i sida for å stansa meg frå å syngja feil.

Mens eg sat og tenkte på dette, kom nokre ungdomar og sette seg ved sida av meg. Eg leverte heftet til han som sat attmed meg. Han hadde god songstemme, og peika på rette ordi til meg.

Og eg varmaست om hjarta av den nye liturgien like godt som av den gamle. Men dei unge må peika på til oss gamle, elles syng me gjerne feil.

Helsing til unge og gamle,
Sigurd Kallestad.

Frå kyrkjebøkene

DALE:

DØYPTE:

Vegard Wolf Dyvik, fødd 16/2 1978, døypt 14/5.

Camillia Bruvik, fødd 6/12 1977, døypt 12/2 1978, i Mo kyrkje.

VIGDE:

Toni Harald Søndergaard og Solveig Johansen, vigde 27. mai.

AVLIDNE:

Johannes Bertin Dalseid, fødd 20/1 1894, døyde 6/5 1978, gravlagd 12/5.

Anders Haldorsen, fødd 29/12 1919, døyde 28/5 1978, gravlagd i Indre Arna 2/6.

Erling Lilleskare, fødd 6/12 1909,

døyde 30/5 1978, gravlagd 6/6.
Elisa Hellestre, fødd 17/2 1904, døyde 30/4 1978, gravlagd 6/5.

Ingéborg Eliassen, fødd 27/11 1920, døyde 22/5 1978, gravlagd 27/5.

STAMNES:

VIGDE:

Kjell Odd Leiren, og Anny Bjordam Kristiansen, vigde i Kragerø Kyrkje 13/5 1978.

AVLIDNE:

Knut A. Stamnesfet, fødd 10/8 1895, døyde 24/4 1978, gravlagd 29/4.

EIDSLAND:

AVLIDNE:

Johannes J. Neset, fødd 1/3 1889 i Modalen, døyde 1/5 1978, gravlagd 6/5 1978.

VAKSDAL:

DØYPTE:

Silje Eide, fødd 27/1 døypt 7/1 1978
Mette Dæmring, fødd 12/2, døypt 15/5 1978.

Stine Halvorsen, fødd 7/3, døypt 15/5 1978.

Eivind Aspenes, fødd 7/2, døypt 15/5 1978.

Ørjan Bode, fødd 13/2, fødd 15/5 1978.

VIGDE:

Kjell Fossdal og Signe Draugsvoll, vigde 12. mai 1978.

Artur Åge Herfindal og Margit Erstad, vigde 12. mai 1978, i Ådland kyrkje.

Kjell Inge Hansen og Aase Sæterdal, vigde 27. mai 1978.

AVLIDNE:

Martha Gurina Hermundsdal, fødd 12/10 1895, døyde 29/5 1978, gravlagd 3/6 1978 frå Tabernaklet.

«*Lat ikkje hjarta dykkar uroast! Tru på Gud, og tru på meg.*»
Joh. 14,1.

Velkommen til kyrkje

6. søndag etter pinse, 25. juni (Matt. 16, 13-20):

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

7. søndag etter Pinse, 2. juli (Matt. 16, 24-27):

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Bjørsvik.

8. søndag etter Pinse, 9. juli (Matt. 10, 28-31):

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik.

9. søndag etter Pinse, 16. juli (Matt. 7, 21-29):

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

10. søndag etter Pinse, 23. juli (Luk. 12, 42-48):

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Biskop Olav Hagesæther og sokne-

prest Steinnes. Stemne med møte på Bergo skule.

Vaksdal kyrkje kl. 19.00. Sokneprest Steinnes.

11. søndag etter Pinse, 30. juli (Joh. 6, 66-69):

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

12. søndag etter Pinse, 6. august (Matt. 21, 28-31):

Eidsland kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

13. søndag etter Pinse, 13. august (Matt. 12, 33-37):

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes og Anders

Elde. Bergsdalsstemne.

Vaksdal kyrkje kl. 19.00. Sokneprest Steinnes. Offer til Norges

kr.student og skolelag.

14. søndag etter Pinse, 20. august (Rom. 13, 8-10):

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Familieguds-

teneste. Konfirmantpresentasjon. Offer til Kirkens

Nødhjelp.

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Dale og

Stanghelle Indremisjon.

15. søndag etter Pinse, 27. august (Joh. 5, 1-3a + 5-18):

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Konfirmant-

presentasjon. Offer til soknerådet.

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Konfirmant-

presentasjon. Offer til Nørdhordland Indremisjon.

16. søndag etter Pinse, 3. sept. (Luk. 10, 38-42):

Eidsland kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Konfirmant-

presentasjon. Offer til Israelsmisjonen.

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Konfirmantpre-

sentasjon.

Sjå elles Vaksdalnytt om mogelege endringar.